



Jan-Erik Hope  
Skauvegen 420  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2343 - 17/26576

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
18.09.2017

## Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 45/2 Sletten. Avslag.

### Dokument:

Søknad om tilskot, kostnadsoverslag og kart. Søknaden er stempla motteke 14.07.2016. Søknaden vart lagt til side på grunn av for lite pengar.

### Søknaden:

Det gjeld rydding av beite og oppsett av gjerde. Søker skriv at det gjeld «tiltak for opning av kulturlandskapet. Det skal ryddast gammalt beite og setje opp gjerde for å kunne nytte beitet igjen.»

Det ført opp at det skal settast opp 2700 meter notgjerde og 9 grindar. Vidare skal ein rydde 50da beite. Samla kostnad er sett til kr.298953,- utan moms og kr.321187,50 med moms. Det vert søkt om kr.160593,75 i tilskot.

Moms kan ikkje vere med i kostnadsoverslaget.

### Vurdering:

Gardskartet for eigdommen syner at areala som skal gjerdast inn for det meste er skog og utmark som aldri har vore beite. Tiltaket er delt i tre parsellar og på parsell nr.2 ligg det to mindre område som i kartet er vist som innmarksbeite. Samla er dette om lag 15da. Flyfoto syner at desse beiteområda no har karakter av utmark. Desse områda kan settast i stand.

Resten er rein utmark, og kan ikkje tildelast tilskot.

Eigdommen er i drift med nokre geit og litt sau.

Strategien for tildeling av tilskot til SMIL, gjeld rydding og gjerde av areal som er prega av oppdyrking, beiting, slått eller brenning. Rydding av utmark og skog som ikkje før hare vore nytta til beite, har ikkje rett på tilskot.

Det har også i 2017 komme inn alt for mange søknadar i høve til dei pengane kommunen har til disposisjon. Kommunen vurderer at tiltaket det her gjeld fell utanom regelverket, og ein finn ikkje rom for tildeling av tilskot.



Ein seier seg lei for at det har teke lang tid å komme fram til denne avgjerda.

**Vedtak:**

Med heimel i forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, vert søknad om tilskot til beiterydding og gjerde frå gbnr 45/2 avslått.

Grunngjeving for vedtaket går fram av sakshandsaminga ovanfor.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Avgjerda kan parten klage over til fylkesmannen, innen tre veker etter at ein fekk vite om avgjerda, jf. §§ 28 og 29 i Forvaltningslova. Klagen skal sendast til Lindås kommune.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jan-Erik Hope

Skauvegen 420 5957

MYKING